

Dei hjartevarme julenissane.

20.12.2015



Ein snill julenisse, Marcus Ousdal.

Dei fleste barn tenker på julenissen som noko av det snillaste dei veit om. I det biletet passar 7 år gamle Marcus Ousdal og mora Diana godt inn. Den hjartevarme, omtanke og omsorg dei viser gjennom innsamlingane sine til jul er sterk og rørande. Dei ber gar jula for mange som verkeleg treng det. Dei hjelper også gjevarane til å få ei god og meiningsfull julekjensle.

No takkar Marcus og Diana frå Omvikdalane alle som har bidrege, gjennom eit koseleg brev på facebook. Dei fortel at dei i år fekk inn heile 191 julegåver noko som er ny rekord for innsamlinga som dei har hatt dei siste 3 åra. No er dei to så glade, og dei er takknemlege overfor kvar og ein som har kome med gåver.

Under innsamlinga fekk dei også ei ny utfordring. Dei oppdaga at det var nokon som trøng både mat, kle og utstyr for få ei god jul. Dette vart publisert på facebook, og responsen var flott. Dei fekk inn gåvekort på mat, hushaldningsartiklar og kle. Bunnpris Seimsfoss og Spar Valen gav matkassar.

No er Diana og Marcus glade. Dei takkar alle som har støtta opp, og seier at dei skal vita at dei har redda jula for mange! Dersom det er fleire som treng hjelp, kan dei framleis ta kontakt med Diana. Ho lovar dei full anonymitet, og har stor respekt for dei som ringer. Siste frist for å få hjelp her lokalt er mandag, for tirsdag reiser mor og far til Diana til Bergen for å overrekka resten av pakkane til Robin Hood-huset. Det er ein rusfri og livssynsnøytral møtestad for økonomisk vanskelegstilte.

Det er svært godt å oppleva personar som Diana og Marcus Ousdal og hjelparane deira. Det gjev julehøgtida ein ekstra dimmension i ei travel tid der ein har lett for å verta for oppteken av seg og sitt. Vi helsar ei riktig god jul!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kvinnheringen.